



ULSTEIN KOMMUNE

Økonomiavdelinga

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartementet

Pb 8112 Dep
0032 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/1331	840/2008	KMS	23.01.2008

MELDING OM VEDTAK

SAKA GJELD: SØRHEIMUTVALETS GJENNOMGANG AV INNTEKTSSYSTEMET


De vert med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak.


Vedtak i Ulstein formannskap, 22.01.2008:

1. Ulstein kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50 % av totale inntekter.
2. Ulstein kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55 %. Ulstein kommunestyre ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
3. Ulstein kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten som skatteform og at ordninga med selskapsskatt vert gjennomført slik føresetnadane var då ordninga vart gjeninnført i 2005. Utover argumenta for næringsutvikling er ordninga med selskapsskatt viktig fordi vertskommunar får auka press på fysisk infrastruktur og på deler av tenestenettet. Til dømes vel mange å nytte helsetenester og andre tenester knytt til arbeidskommune i staden for bustadkommune der ein har valfridom til å velje denne løysinga.
4. Ulstein kommunestyre støttar forslaget om å avvikle dei regionalpolitiske tilskota i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med et nytt distriktstilskot som er kopla opp mot det distriktspolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskotet er basert på ein vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120 % av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.

5. Ulstein kommunestyre støttar ikkje Sørheim-utvalet sitt forslag om å avvikle ordninga med oppdaterte folketal. Ordninga fungerer greitt slik den er i dag. Trendane i utviklinga av folketalet er rimeleg stabil og endringa utgjer ein liten, men viktig del for kommunar som har auke i folketalet. Uvissa knytt til dette talet er liten i høve til andre usikre moment i finansieringsordninga - eksempelvis nivået på skatteinntektene.
6. Ulstein kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnstilskotet. Ulstein kommunestyre ynskjer at skjønnstilskotet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskotet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
7. Ulstein kommunestyre støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskot. Kommunestyret er i midlertid samd med Borge-utvalet om at tilskotet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskotet, eksklusive det inntektsutjevande tilskotet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis. Ulstein kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskotet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebære ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg inntektsreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Med helsing


Hans Jakob Sandanger
rådmann


Kari Mette Sundgot
økonomileiar